


# RAUD MORGON

NR. 2 - ÅRGANG 2

AVISA KOSTAR KR 10 FOR HEILE VEAA  
GRUPPELEIARANE SAMLAR INN FRÅ GRUPPENE SINE  
OG LEVERAR I REDAKSJONEN.



Spørsmål til gruppediskusjonen om Klasseanalysen.

1. Kvi for er det viktig å ha ein klasseanalyse?

2. Hovudmotseiinga.

I programdiskusjonen som det siste året har vore ført i Sveriges Kommunistiske Parti, hevda Bo Gustavson at hovudmotseiinga i Sverige (som alt i alt har ein klassestruktur nokkså lik Noreg) g år mellom monopol kapitalen og folket.

I AKP(m-l)s prinsipp-program er hovudmotseiinga definert slik: "På den eine sida står monopolkapitalen og staten hans med storborgarskapet som faste allierte. På den andre sida finn vi arbeidarklassen i nært samlag med bønder og fiskarar, og ei rad allierte."

I forslaget til nytt prinsipp-program for AKF(m-l) vert det gjort framlegg om ei anna hovudmotseiing: at hovudmotseiinga er mellom proletariatet og borgerskapet.

Kva for eit av desse syna er du samd i?

Hår du andre framlegg til hovudmotseiing?

Kvi for har det så stor politisk tyding å skjøne kva som er hovudmotseiinga i samfunnet?

# OM BARNEHAGEN

FORELDRE MED BARN UNER

BÅR MÅ MØTE KL 8<sup>30</sup>

VED DET STORE TELTET

MANDAG FOR DISKUSJON

OM OPPLEGGET.

## PRAKTISKE SAKER

Alt utstyr (engangsbestikk, kontorutstyr, vaskesaker osv.) finnes i kjelleren i ungdoms-  
huset. Matansvarlige i brigadene må hente opp bestikk som trengs hver dag.

Materialer til lagning av bord o.l. kommer i løpet av dagen.

Brigadene må sørge for å henge opp søppelsekker på brukbart sted i brigaden. Sekken vil bli  
kjørt bort med traktor hver dag. Samtidig vil nytt vann bli fylt på vannspannene.

Dugnaden omfatter følgende saker:

Utdeling av middag og opprydding etter middagen

Vaske w.c. i ungdomshuset (med klor) pluss golv før kveldssamling

Bytte alle kloraminvann (i huset og på teltplassen) 2 ganger pr. dag (før middag og etter  
kveldssamling)

Fylle på toilett-papir, papirhåndkle og såpe på alle vaskesteder og dass

Vaske dusjer og W.C. i skolehuset etter dusjing om ettermiddagen

Avislagning (skrivning, stensilering, stifting osv.) om kvelden

Barnepass om kveldene

Aktiviteter for ongene om ettermiddagen

Morgensamling

NB Brigadene må organisere og fordele oppgavene. Bruk mest mulig gruppene som enhet også  
for det praktiske arbeidet!

NB Tøm ikke vakevann andre steder enn der det er gravd opp til dette (se plakater)

Arbeidernes Kommunistparti (marxist - leninistane) står som arrangør av Raud Front-leiren på Hjelle.

Mange er rimeligvis nysgjerrige og har lyst til å vite kva slags leir dette er. Er vi slike skumle bandittar som t.d. Fjordingen vil ha det til? Vi meiner at folk flest utanfor leiren er våre vener, og det vil vi vise i praksis. For dei har vi ikkje noko å skjule. Vi vil setje pris på om folk som lurar på kva vi driv med kjem oppom og slår av ein prat over ein kopp kaffi. Vi drikk ikkje noko sterkare enn kaffi!

Vakter har vi for å unngå bråk, og at leirdelkakarane blir kartlagt av sikkerhetspoliti, nazistar og andre som er fiendane våre. Under siste krig vart mest alle kommunistar som var på slike lister fengsla eller henretta. Dette fordi vi kommunistar alltid vil føre hard kamp mot dei som vil undertrykkje det norske folket.

I sommar skal alle Raud Front - leirane diskutere korleis ein skal møte den aukande krigsfåren. Det tidlegare sosialistiske Sovjet er no blitt ei aggressiv supermakt som rustar opp i endå større tempo enn U.S.A. Desse to landa er dei største undertrykkjarane og utbytтарane i verda i dag, og dei er kjelda til ein ny verdkrig. Fredskonferansane tener til å dekkje over krigsførebuingane - i beste fall til å utsetje krigen. Varig fred blir det ikkje før kapitalisme og imperialisme er avskaffa.

Det er viktig at folk diskuterar krigsfåren frå dei to supermaktene. Den 9. april 1940 fanst det ingen planer for motstand mot okkupantane, noko som var til stor fordel for dei. Diskusjonane våre vil før til at vi står betre rusta neste gong!

Det er mykje anna vi skal diskutere og, om klassane i Noreg og korleis vi skal gjere Klassekampen (avisa vår) til dagsavis neste år.

Dette var litt om oss sjøl og om det vi står for. Dei som hyler mest om demokrati og prentefridom - t.d. "Fjordingen" - vil ikkje ta inn slikt. Dei er redd politikken vår og at folk skal slutte opp om oss. Vi meiner

! folk kan ta stilling sjøl!

STYRK DEN NORSKE ARBEIDARKLASSEN - STYRKPARTIET HANS - AKP (m-1)

STYRK FOLKA I VERDA SIN FELLES KAMP MOT DEI TO SUPERMAKTENE  
USA OG SOVJET!

## DEN INTERNASJONALE BRIGADENS SANG.

Vårt fedreland er i det fjerne,  
men det glemmer vi i denne tid,  
:/: for det fedreland som vi vil verne  
ligger nå like utenfor Madrid :/:

Spanske bønder står på barrikaden,  
våre brødre er bonde og prolet,  
:/: fremad internasjonale brigade,  
hev vår fane i solidaritet. :/:

Spanias frihet gjelder nå vår ære,  
den er hjertets internasjonal.  
:/: Føi på havet fascismens legionærer  
og bandittenes egen general. :/:

Franco sto ved Madrid, men hans parade  
hindret vi i å bli til virkelighet.  
:/: Fremad internasjonale brigade,  
hev vår fane i solidaritet. :/:

Med gevær og med bomber og granater  
skal vi sette uhyrene i brann,  
:/: renske landet for banditter og pirater,  
spanske brødre, dere eier dette land. :/:

Og fascistenes råtne generaler  
skal vi nådeløst tvinge på kne.  
:/: Fremad internasjonale brigade,  
hev vår fane i solidaritet. :/:

